

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/495-5

Strategisk Høgskuleprosjekt 2014 - 2017

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Høgskulen i Sogn og Fjordane får 850 000 kroner til det strategiske høgskuleprosjektet RELEASE i tilfelle prosjektet vert akseptert av Norges Forskningsråd.
- 2 Tilskotet vert dekket med disponible midlar frå tidlegare år.

Vedlegg:

Release Project description final (dokument 14/495-7)

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Release grant application (dokument 14/495-6)

SAKSFRAMSTILLING

1. Dette gjeld saka

Høgskulen i Sogn og Fjordane søker Norges Forskningsråd om støtte til eit strategisk høgskuleprosjekt (SHP) innan fornybar energi. Prosjektet kallar dei RELEASE (Renewable Energy Projects: Local Impacts and Sustainability). Høgskulen ønskjer fylkeskommunal medverknad, då dei meiner at sjansane for å få eit SHP aukar vesentleg med regionalt engasjement og finansiering.

2. Prosjektomtale

I 2014 lyser Norges forskningsråd ut midlar til strategiske høgskuleprosjekt (SHP). Ordninga vert truleg avslutta etter denne utlysinga. Dette er store prosjekt som er spesielt berekna på dei regionale høgskulane og dei utfordringar dei og regionane dei inngår i står overfor. Forskningsrådet har tidlegare evaluert ordninga. I samandraget finn vi mellom anna følgjande:

«Satsingen har fungert som en vitamininnsprøytning i sektoren. I tillegg til å skape selvtillitt og entusiasme blant forskerne som har fått støtte, har SHP bidratt til at forskningen blitt mer synlig på høgskolene. Resultatene har skapt anerkjennelse i de øvrige fagmiljøene og prosjektene har blitt fremholdt som eksempler til etterfølgelse. Satsingen har gjort høgskolene mer motivert til å forske og søke om eksterne forskningsmidler, også utenom SHP.»

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF) ønskjer å søkje på dette som oppfølging av deira langsiktige oppbygging av eit forskingsprogram om fornybar energi i Sogn og Fjordane. Dei omtalar desse fasane, der fase 4 gjeld dette prosjektet, slik:

- Fase 1 Kraftselskapa/Sparebanken (2008-2012): Professorat, bachelorprogram og dei første stipendiatane.

- Fase 2 INU-prosjektet (2010-2013): Masterprogram (under planlegging), fleire stipendiatar og forankring av forskingsprogrammet i Sogn og Fjordane.
- Fase 3 CenSES (2011-2015): Forankring i det nasjonale forskingsmiljøet, deltaking på nasjonale forskingsprosjekt og doktorgradsprogram.
- Fase 4 Strategisk høgskoleprogram (2014-2017): Halde på posisjonen regionalt og nasjonalt, få ein samarbeidsavtale om forskning og utdanning med NTNU, nærme oss det internasjonale forskingsmiljøet i EU, få på plass nye stipendiatar og eit nytt professorat.

Totalbudsjettet for prosjektet er knapt 25 millionar kroner. Dei søker ut frå følgjande finansieringsplan.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
Own financing		1358	1406	1455					4219
International funding									0
Other public funding		850							850
Other private funding	400	1200	1200	600					3400
From Research Council	119	4760	5727	5872					16478
Totals	519	8168	8333	7927					24947

I von om positivt vedtak i hovudutvalet, er det her sett opp støtte frå fylkeskommunen på 850' kroner (other public funding). Støtte frå SFE og sparebankstiftinga på høvesvis 2 200' og 1 200' kroner er stadfesta og sikrar 3,4 millionar i anna privat støtte (other private funding).

Søknaden tek utgangspunkt i ei politisk målsetting (nasjonalt og internasjonalt) om auka produksjon av fornybar energi. Vidare at det er for lite kunnskap om lokale konsekvensar for økonomi, samfunn og miljø av auka utbygging, og at det er for lite merksemd rundt å finne ein balanse mellom desse tre dimensjonane.

Det overordna forskingsmålet er auke denne kunnskapen for å sikre at nye fornybare energiprojekt blir bærekraftige. Arbeidet skal gjerast tilgjengeleg gjennom ny bok, vitenskaplege artiklar i anerkjente tidsskrift og gjennom seminar etc.

I søknaden er arbeidspakkane skissert som følgjer.




Figure 2: The project's work plan

3. Konklusjon

Politiske signal frå regjeringa tilseier ambisjonar om større og sterkare einingar innan universitets- og høgskulesektoren. Forsking og eit godt høgskuletilbod i Sogn og Fjordane er viktig. Fornybar energi er eit område der fylket har både tradisjonar og utviklingspotensial. Dette er også eit satsingsområde i regional verdiskapingsplan. Eit godt FoU-miljø innan sektoren må vurderast som eit aktivum.

Det er difor mykje som talar for at fylket skal engasjere seg i dette. Noko som talar mot, er at høgskulesektoren ikkje er eit fylkeskommunalt ansvar, men på dette området har det vore resonnert pragmatisk ved tidlegare høve.

Fylkesdirektøren vurderer initiativet som svært interessant. For å auke sjansane for at høgskulen skal vinne fram med prosjektsøknaden, tilrår han difor å sette av 850 000 kroner til føremålet.